



Fjorårsaspirantane under julekonserten 2019.

**Koronaen har vore krevjande for musikklivet også. Uskedal skulemusikk har vore særst kreative og dyktige og har halde aktiviteten mest mogeleg i gang både med digitale øvingar og med kreative løysingar på dei fysiske øvingane. Dei har heile tida vore opptatt av å følgja opp smittevernreglane. Derfor vert også deira del av julekonserten flytta utandørs sidan korpset er ei såpass stor gruppe at det er vanskeleg å få gjennomført det inne i kyrkja.**



På søndag vert det igjen musikk frå Strandstova, no julemusikk.

- Vi hadde sjølvsagt svært lyst til å vera med på julekonserten i kyrkja. Det er eit årvisst høgdepunkt for muskarane, men ut frå smittevernomsyn såg vi at det var vanskeleg å gjennom føra det sidan vi er såpass mange, fortel Monica Hermann i styret for skulemusikken.

- Som kjent er det [to julekonsertar i kyrkja i år, kl.17 og kl.19](#), og løysinga blei at vi deltar med ei blåsegruppe på den første konserten. I pausen mellom dei to konsertane vil vi ha ei konsertavdeling ved Strandstova i båthamna. Vi startar kl.18, og det blir julemusikk frå både korpset og aspirantane, ja, truleg vert det nokre solistinnslag og, fortel Monica Hermann vidare.

Ho legg også til at dei håpar at folk set pris på dette. Dei håpar at nokre kjem og vil høyre på dei unge flinke muskantane medan andre kanskje vil nyta stemningsfull julemusikk på avstand. Ho understrekar at det er viktig at alle tar omsyn til smitteverntreglane mellom anna med omsyn til avstand.

Konserten kan bli ei stemningsfull førjulsoppleving med utsikt mot ei flomopplyst kyrkje. Denne kan folk nyta etter eller før ein av dei to kyrkjekonsertane, eller dei kan berre leggja kveldsturen denne søndagskvelden om båthamnsområdet.

Sjølv om fleire større grupper som Røysterett for alle, kyrkjekoret Nordsang og musikklaget ikkje kan vera med på konserten i kyrkja i år, har soknerådet sett saman eit godt program med små grupper og solistar. Musikk utandørs vil supplera dette på ein fin måte.

Julemusikken er viktig i førjulstida, og vi er også kjende med at veterangjengen i musikklaget har planar om eit par meir spontane 'pop-up'-konsertar.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland.